

Forord

Denne boka handlar om rappens lyrikk – om orda og måten dei vert framførte på i rap-musikk. Rap er ikkje tale og ikkje song, men noko midt imellom. Sjølv om rappen også er melodisk, er det den rytmiske framføringa ein umiddelbart legg merke til, det som kallast *flow*. I flowen flyt språkleg og musikalsk rytme saman på intrikat vis.

Rap er munnleg lyrikk, og den mest populære forma for lyrikk i det 21. århundret. Den har spreidd seg frå den urbane amerikanske *hooden* til dei mest bortgjemte avkrokar på kloden. Det er mykje protest og sjølvhevdning i rappens lyrikk, men òg sårheit, samkjensle og leik. Det siste finn vi ikkje minst i dei fantasifulle ordspela og rima. Rapperne har revitalisert rim-kunsten.

Boka gir først ein introduksjon til omgrepa rap og flow, og til rap-lyrikkens mest karakteristiske trekk. Deretter fell kapitla i to delar: Den første handlar om den rytmiske og melodiske framføringa av rap, altså flowen; den andre tar for seg form og innhald i eit utval rap-tekstlar. Artistane som omtalast er norske og danske, med unntak av éin engelsk og éin amerikansk rappar. Målet er ikkje å presentere dei mest kjende eller representative

artistane, men å få eit innblikk i rappens kunst – både dei muskalske, lyriske og performative kvalitetane. Perspektivet i boka er såleis estetisk, ikkje kulturhistorisk. Bidragsytarane kjem frå ulike disiplinær: litteratur-, musikk- og språkvitskap. Analysane deira tar for seg låtar av Elling Borgersrud, Runar Gudnason, Lars Vaular, Linni, MC Einar, SuparDejen, Deichkind, Jaa9, Sivas, Kae Tempest, George Watsky og danske battle-rapparar som Geeza G og Vigsø.

Mellom dei to delane har vi plassert ein enquête, ei spørjeundersøking, kor seks deltakarar blir utfordra til å dele sine opplevingar og tankar om rap. Svare deira vitnar mellom anna om den eksistensielle betydninga denne kunstforma har fått for mange.

Flytsoner rettar seg mot forskarar, studentar, lærarar og rapfans. Boka spring ut frå Forskningsgruppe for sanglyrikk, som har base ved Universitetet i Agder, men medlemmar frå mange institusjonar. Redaktørane takkar Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger, Universitetet i Oslo (ved RITMO) og NTNU for økonomisk støtte. Takk også til Kristian Wikborg Wiese og Sivje Felldal i forlaget Scandinavian Academic Press for god hjelp og stort tolmod. Ikkje minst takkar vi bidragsytarane for stor innsats.

Trondheim, Kristiansand og Oslo, september 2022

Even Igland Diesen, Bjarne Markussen
og Kjell Andreas Oddekalv